

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Ålundeid

Emne: Helsing, fakker og ålford.

Bygdelag: Ålundeid.

Oppskr. av: Nils Vårum

Gard: Mo.

(adresse): Ålundeid

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. "Ja" vert uttrykt ved eit nikk. "Nei" ved å rista på hovudet. Andre uttrykk for desse orda er ikkje kjent her.

2. Det kjem noko av på kvar folk møtest. Treffest folk på almann = vegen - gardsvegar o.l. så helsar folk berre på dei som er kjende. Eit undantak er likevel kome inn med bilferdsla: Det blir svara med eit nikk eller vink, at folk som kjører forbi i bil eller buss - når dei først har gjort ei liknande rørsle. Det er regelen -, men den har undantak. Møter bygdefolk, ukjende s.d. i fjellet - på "turistlina" kan det nok henda dei helsar først; men helst berre som svar på helsing.

3. I dei seinaste åra er det nok meir kome inn at den yngste skal helsa først. Men regelen har vore og er nok i stor mon at den eldste helsar først.

4. Folk som har vore like utom bygda helsar alltid; "Godt mot" når dei møtest, tek aldri av seg hatten for bygdefolk -

Sit den ein helsar på, blir det sagt: "Lign kvilo"
- svar: "Takke". Når ein ^{sviker} når det
helsar den som kjem etter: "Velkomin ferre"
svar: "Velkomin elle". - Berre eldre folk brukar
"denne helsinga no. Ho kan bli brukta
på spott, når det burde vera i arbeidstida
at den som sit.

Helsinga: "God mårn" - "Mårn" held
på og ei seg inn, likeså: "God dag";
men ikkje "God kveld" mellom mötande,
sjølv om det er om kvelden.

5. For presten og høgre embetsmennesker
tok ein nok av seg tjuva; men ho
"fauk" så langt ifrå ikkje av, og gjer
det ikkje enno. Helsinga var skiv og
keilet, utan bukke. Det vart ofte drygd
med å heka så lenge at presten vart først.
Det var ingen skilnad om ein heka på
husmannen eller storbonden. Hatten tok
ein ikkje av. Den gamle helsinga i Skundeid
både på lektingar og framande var "Gu-dag"
- ikkje "God-d." "Gu-kveld" o.s.b.

6. Skikken med å ta hatten under armen
er ukjend her, likeså med å halda
hatten i begge hendene.

7. Ein hilsen kanskje noko høglidsamare og
slivare når ein var høgtidkledt.

8. Det vart - (og vert) - handhelsa på alle vakt-
ne når ein kom i brudeauks- eller gravvilt-
garden. Kvinnene helsa kanskje og på borna.
- Å ikkje når ein kom - (kjem) på vitjing.

9. Klapping på albua vart helst gjort
på spott, ikkje som helsing.

10. Det er ukjend at folk har brukta å ta
av hatten når dei høyrde kyrkjeklokka.

11. Dei tok vedkomande i handa.
Var det brudlaup har dei i alle høve
sidan 1890 - 89 åra sagt: "Gratulera"
Fgravøl sa dei helst ingenting.

12. Når dei på Linnudalsfjorden radde
framom i hale i Opdølbanda - "Prest-
kjerringholei", skulle den som for der
for første gang ta av huva. Eldre som
var i laget sa: "Nei, det er ein møre
som har skjete på huvo di". Da kom huva
av. Andre liknande høve er ikkje kjint.
Skikken held seg fram mot hundreårskiftet.

13. Klokkeløtt kan ikkje oppgjivast
Det ymsa mellom Somar og vinter.
"G. m." vart sagt til det vart full dag.
Mellom bygdfolk er ikkje "God middag"
bruka einno. "God kveld" vart sagt
når det skymde om vinteren.
Om somaren frå klokka 9-10 - kanskje.

14. Ein held det ikkje usømeleg å
seie "God moren" mist på dagen
eller ^{om} kvelden. Men folk tykkjer det er
tilgjort og høpeleg.

15. Ikkje kjint.

16. Det held på og et seg inn med "morn"
døgnel runt mellom anleggsarbeidarar
eller ikkje.

17. Sign arbeidet - Sign strevet - Sign
kvilo - Sign laget - og "Sign maten" vart
(vert) bruka.

18. På lekningane i Spm. 17. vart svara:
"Takk".

19. Det vart helsa både ute og inne.
Skikken held seg mellom eldre folk einno.
Men den døgn ut - (Er mest borte)

20. Ein sat gjeme ei skand og prala med husfolk. Om ei skind reiste ein seg, tok nokre skog mot døra og sa: "E' skulla kala eit par ott med deg Ola, e' -".

21. Før hundreårsskiptet var skikken med å banka på døra mest utkjint i Ålvundeid. Sidan 1925 har borna vorte borte til det i skulen, og no kan einseia det er vanleg i heile bygda. (Kanskje ikkje mellom nore grannar)

22. "Kom inn!" "Ver så god!"

Den som kom inn skulle (skal) helsa, og venta ved døra til han varl bedne selja seg.

Helsa den som kom inn "Gū-dag!"
Så var svaret ofte: "Gū sign deg". (til 1910)

23. Svar ovanfor.

24. Dei tok hatten av når dei kom inn om døra. Før hundreårsskiptet kunne det henda at bygdefolk ikkje tok hatten av før dei varl bedne til borts.

25. "Dua må sjå å få sitte". No vert det mest sagt: "Ver så god og sett deg"

26. Ikkje med bygdefolk. Fant og i velkomne slarkar, varl ikkje bedne ~~xxx~~ å sitte.

27. Få same vis som ^{på} bygdefolk.

28. Svar ovanfor. - Var det rotutt, så kunne det skundom bli sagt: "Her er no så roke, at du får vel ikkje sitte". Det var ikkje skikk å turka av stalen.

29. Innsidne gjester varl helsa: "Du må vera velkommen."

30. "Far vel". - svar: "far vel".

0537

31. "Du må leva så vel;" svar: "Ja, du og"

o) "Da tok ein i handa attåt."

32. Nei, ukjent her.

33. — " —

34. Nei.

35. Nei.

36. —

37. Ukjent.

38. — " —

39. Del hende sei "bytte nase" med småbarn.

40. Kjekt mora.

41. Del hende. Kneip i nosen med tommel og peikefinger og rista litt.

"No tok eg nosen din," vart sagt.

42. Ikke kjent her.

43. — " —

44. "Til tulle med nyåret" - - - for =
lovelsen" - - - jula -

45. "God jule" "God nyttår" (sjå og omarfor)

Ved barnfødsel - når grauteløppinga kom: "Må gratulere (til tulle) med littkara."

Ved forloving: "Må gratuler"

Uttrykket: "God påske - god pinse" er mest ikke brukt anna enn i skulen - og av presten -

46. Del er ukjent at del i desse høve har vore bruka nokor særskild helsing. Shundom tok ein i handa - utan å seia noko. Feinare år er tildels: "Fondalera" vore bruka -; men del er ikke vante mellom bygdefolk.

47. Tok i handa og sa: "Takk". "Du må ha mykje takk". "Tusen takk, skal du ha" - Ein enkelt mann (død 1897) sa alltid:

1897

1. Stor takk og Guds velsegnets skal du ha!
Bukke var rikkje bruka.

48. Skikken er og har vore lile bruka.

Kanske skindom i heimen ved gravøl.

49. Ved å klappe seg bak.

50. Bygddefolk sa (og seier) mest ærbid:
- du - til alle - høge og låge.

51. Er ikkje bruka.